



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1212-165

7. desember 2018

Vedtak i sak om grensejustering mellom kommunane Gjemnes, Molde og Nesset

Eg viser til brev av 23. mars frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal med fylkesmannens utgreiing og tilråding i sak om grensejustering mellom kommunane Gjemnes, Molde og Nesset, for grunnkrinsane Øye/Heggem, Fagerlia, Angvik og Flemma (indre Gjemnes).

Bakgrunn

Stortinget vedtok 8. juni 2017 samanslåing av Molde, Nesset og Midsund kommunar. Kommunane blir slått saman frå 1. januar 2020.

Departementet gav 28. september 2017 fylkesmannen i oppdrag å utgreie grensejustering mellom kommunane Gjemnes, Molde og Nesset, for grunnkrinsane Øye/Heggem, Fagerlia, Angvik og Flemma (indre Gjemnes). Oppdraget blei gitt etter initiativ frå Angvik bygdelag, som fremma søknaden til fylkesmannen i juli 2016.

Bygdelaget viser i søknaden til at Gjemnes kommune framover ikkje vil vere i stand til å tilby gode og likeverdige tenester, eller utføre oppdraget som samfunnsutviklar på ein tilfredsstillande måte. Det er vidare vist til at Gjemnes kommune høyrer til kvardagsregionen Molde, med høg utpendling. Bygdelaget ønsker å styre si utvikling i retning av sin eigen kvardagsregion og bli ein del av nye Molde kommune.

Det er 661 innbyggjarar i indre Gjemnes, noko som utgjer 25 prosent av innbyggartalet i Gjemnes kommune. Området utgjer om lag 38 prosent av arealet i Gjemnes. Innbyggartalet i dei ulike krinsane er slik: Angvik 227, Øye/Heggem 192, Flemma 168, Fagerlia 74.

Ei spørjeundersøking blant innbyggjarane i indre Gjemnes, viser at 57 prosent ønsker seg til Molde kommune, medan 36 prosent vil bli i Gjemnes kommune. 7 prosent veit ikkje. Det ligg ikkje føre resultat for dei ulike krinsane.

Fråsegner frå kommunane

Kommunestyret i Gjemnes fatta 13. mars følgjande vedtak:

Gjemnes kommunestyre anbefaler ikkje den foreslåtte grensejustering av Angvik skolekrets. Kommunestyret viser til sitt vedtak av 28.6.2016 i sak 24/16 om kommunereformen hvor kommunestyret vedtok at Gjemnes kommune skal videreføres som egen kommune.

Som det fremgår av saksutredningen, vil det medføre svært uheldige konsekvenser for Gjemnes kommune dersom over 25 % av innbyggerne skal overføres til Nye Molde kommune. I praksis vil det medføre at resten av Gjemnes ikke kan fortsette som egen kommune, og resultatet av grensejusteringen er å oppfatte som en deling av kommunen. Deling er ikke utredet, og skal dessuten vedtas av Stortinget.

Kommunestyra i Molde og Midsund fatta 8. februar følgjande likelydande vedtak:

Molde/Midsund kommunestyre viser til foreløpige resultater frå innbyggerundersøkelsen om grensejustering for grendene Angvik, Flemma, Fagerlia og Osmarka i Gjemnes kommune, der et stort flertall ønsker flytting til nye Molde kommune.

Kommunestyret er positive til å innlemme bygdene som har søkt om grensejustering og ønsker innbyggerne velkommen til nye Molde kommune.

Kommunestyret er også positive til at en større del av Gjemnes kommune blir en del av nye Molde kommune dersom dette er aktuelt.

Kommunestyret ber om at det eventuelt blir lagt fram sak der deler av Gjemnes kommune inngår i nye Molde kommune så snart vedtak om dette er klargjort.

Fellesnemnda for nye Molde kommune fatta 1. mars vedtak der mellom anna følgjande går fram:

Fellesnemnda for nye Molde kommune stiller seg positiv til initiativet fra Angvik bygdelag om grensejustering for bygdene Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem over til nye Molde kommune.

Møre og Romsdal fylkeskommune ved Fylkesutvalet fatta 26. februar 2018 følgjande vedtak:

- 1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med unntak for Gjemnes og Norddal, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.*

2. *Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her må innbyggjarundersøkinga offentleggjerast på grunnkrinsnivå og kommunestyret si uttale må leggjast stor vekt på i den vidare behandlinga.*
3. *Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerar ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget.*

Fylkesmannens vurdering

Fylkesmannen tilrår at departementet vedtar ei grensejustering der indre Gjemnes blir overført frå Gjemnes til nye Molde kommune. Fylkesmannen meiner ei grensejustering vil gi gevinstar i form av integrasjon mot kvardagsregion og bu- og arbeidsmarknad, samordna og heilskapleg samfunnsplanlegging, og auka ressursar til samfunnsutvikling og utvikling av kommunale tenester.

Departementets vurdering

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) § 6 første punktum. Departementet konstaterer at det juridiske grunnlaget for utgreiinga til fylkesmannen er i tråd med reglane i inndelingslova om saksførebuing i kapittel III.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vurdert fylkesmannens tilråding og halde møte med kommunane. Departementet meiner fylkesmannen har levert ei utgreiing som opplyser saka slik at den kan avgjerast.

Inndelingslova § 6 inneheld ingen nærmare kriterier eller vilkår for departementets vurdering. § 1 slår fast formålet med lova og gir overordna rammer for departementets skjønn, jf. Ot. prp. nr. 41 (2000–2001) s. 55. Etter inndelingslova § 1 skal kommuneinndelinga skje "*innanfor ramma av det nasjonale felleskap*", "*sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning*" og "*skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarande og næringslivet tilfredstillande tenester og forvaltning*". Vidare framgår det at lova skal "*byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar*". Dette inneber at departementet må gjere ei konkret og heilskapeleg vurdering der fleire moment vil vere relevante. Departementet har eit vidt rom for skjønn i vurderinga av om det skal gjennomførast ei grenseendring eller ikkje.

Departementet meiner grensejusteringar først og fremst bør vere ein reiskap for å tilpasse kommunegrenser til eksisterande samhandlingsmønstre og bruk av kommunale tenester. For at ei grensejustering skal bli vedtatt, bør den bidra til å redusere utfordringar for innbyggjarane det gjeld, til dømes gi kortare reiseveg eller demokratisk påverknad på tenestetilbodet dei nyttar.

Departementet viser vidare til inndelingslovas rundskriv, nr. H-10/15 punkt 2.4.2 der det heiter: "*Inndelingslova seier ikkje noko om kor stor vekt ein skal leggje på dei ulike momenta*

i ei grensejusteringssak. Den som står ansvarleg for utgreiinga, må avgjere kva som er "nødvendig" å greie ut i kvar einskild sak." Forarbeida til lova peiker på at det i grensejusteringssaker kan vere aktuelt å hente inn opplysningar om til dømes demografiske utviklingstrekk, pendling, næringsstruktur, arealbruk, inntekts- og utgiftsstruktur og det kommunale tenestetilbodet.

I denne saka har departementet vurdert nedanståande opplysningar og moment.

Gjennom prosessen har det blitt stilt spørsmål ved om saka er å rekne som ei deling eller grensejustering. Det har vore peikt på at innbyggjarane i indre Gjemnes utgjer over 25 prosent av innbyggartalet i Gjemnes kommune. Departementet har slått fast at denne saka etter inndelingslova er å rekne som ei grensejustering, jf. § 3 andre ledd. Departementet avgjer saker om grensejustering, jf. § 6.

Grensejusteringa vil ha store konsekvensar for Gjemnes kommune, ved at kommunen tapar om lag ein fjerdedel av innbyggjarane og nær 40 prosent av arealet. Skatteinntekter og rammetilskot følgjer i stor grad innbyggartalet i kommunen, og ei grenseendring vil gi reduserte inntekter. Nedgangen er knytt til tapet av innbyggjarar, og vil dermed også gje reduserte utgifter for kommunen. Departementet legg til grunn at reduksjonen i inntekter vil svare til redusert utgiftsbehov. Departementet ser likevel at ei grensejustering vil vere ei betydeleg utfordring for kommunen, men meiner samstundes at dei påviste konsekvensane ikkje er så store at dei er avgjerande for utfallet av saka.

Gjemnes inngår i Molde bu- og arbeidsmarknad, og det er i dag fleire frå indre Gjemnes som pendlar til Molde og Nesset kommunar enn til resten av Gjemnes. Innbyggjarane mottak likevel det aller meste av kommunale tenester frå Gjemnes kommune. Ei grensejustering vil ikkje innebere vesentlege endringar i reiseveg til kommunale tenester, med unntak av rådhusenester, der avstanden til Molde er om lag dobbelt så lang som til Gjemnes. Etter departementets vurdering er indre Gjemnes i dag sterkare knytt til Gjemnes kommune enn til Molde og Nesset kommunar. Framtidig utvikling i nye Molde kommune kan endre dette, men dette kan etter departementets vurdering ikkje få vekt i vurderinga som skal gjerast no.

Spørjeundersøkinga viser at innbyggjarane er delt i synet på kva for ein kommune dei vil tilhøyre. Eit fleirtal vil til Molde kommune, men dette kan etter departementets vurdering ikkje aleine avgjere utfallet av denne saka, dersom andre moment talar mot grenseendringa. Vidare har utgreiinga ikkje påvist openberre ulemper for innbyggjarane ved dagens grense, som vil bli betre ved å flytte indre Gjemnes til nye Molde kommune.

Fordelen ved ei grensejustering ser ut til å vere størst for krinsen Angvika, i hovudsak på grunn av kort reiseveg til tenester i dagens Nesset kommune. Initiativet til utgreiinga kjem også frå dette området. Fylkesmannen kan ikkje tilrå ei oppsplitting av dei fire krinsane, ettersom dei etter fylkesmannens vurdering utgjer ei geografisk eining i indre Gjemnes, og det vil svekke samfunnsutviklinga om dei skulle høyre til ulike kommunar.

Etter ei samla vurdering meiner derfor departementet at det ikkje er grunnlag for å vedta ei grenseendring mellom Gjemnes og nye Molde kommunar i tråd med utgreiinga.

Vedtak

Med bakgrunn i utgreiinga til fylkesmannen og med heimel i § 6 i lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova), vedtek Kommunal- og moderniseringsdepartementet ikkje å gjennomføre ei grensejustering mellom Gjemnes og nye Molde kommunar.

Eit vedtak om grenseendring er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav c, jf. Ot. prp. nr. 41 (2000–2001) punkt. 5.1. Vedtaket er derfor endeleg og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28 første ledd.

Med helsing



Monica Mæland

Kopi

Kartverket
Midsund kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune

Adresseliste

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Gjemnes kommune	Kommunehuset	6631	BATNFJORDSØRA
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Neset kommune	Kommunehuset	6460	EIDSVÅG I ROMSDAL